

TIPSLISTE 2 - DEN FYRSTE SAMTALEN MELLOM MENTOR OG PRAKTIKANT

Denne lista kan gi mentoren nyttige tips til mellom anna ting du og praktikanten kan snakke om i dykkar fyrste samtaler. Lista gir også andre tips som kan sikre ein best mogleg samtale.

MOMENTER I SAMTALE

- Tenk gjennom kva du vil snakke gjennom i din fyrste samtale med praktikanten
 - Kvar kjem du frå (land/by)?
 - Kor lenge har du budd i Norge
 - Kvar bur du (navn på veg/område)?
 - Er du her aleine eller har du familie her?
 - Har fått noen venner her etter at de kom til kommunen (også nordmenn?)?
 - Kva gjorde du før du kom til Norge (utdanning/arbeid)?
 - Har du har jobba med tilsvarande som det du skal gjere i praksisjobben?
 - Kva er du god på ift. jobb?
 - Kva er du mindre bra på ift jobb (for å skape humor)?
 - Har du tankar om kva du kan tenke deg å jobbe med i Norge?
(Kva er din draumejobb?)
 - Korleis likar du deg i Volda/Norge?
 - Kva liker du best med Volda/Norge?
 - Kva synes du er mindre bra i Volda/Norge?

ANDRE SAMTALETIPS

- Tenk gjennom kva frå "TIPSLISTE 1 - Introduksjon til arbeidsplassen" du vil snakke om i fyrste samtale
- Tenk gjennom korleis du kan innleie samtalen på ein positiv og imøtekommande måte
- Fortell kva formålet med samtalen er
- Bruk eit klart og tydeleg språk (på skulen lærer praktikanten nynorsk, du snakkar dialekt!)
- Bruk spørsmål som fremjar ein god dialog (kva og korleis-spørsmål)
- Vær konkret og presis, slik at det ikkje oppstår mistydingar
- Vis interesse for den andre og lytt oppmerksomt
- Vær åpen for forslag og andre innfallsvinklar på ting enn du i utgangspunktet ville foreslått
- Oppsummer gjerne kva de har snakka om i løpet av samtalen (nødvendig punkt?)
- Avtal når de skal ha neste 1-til-1 samtale (nødvendig punkt?)

Dine notatar:
